

**PROTOKOLL
FRÅ
FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF**

Måndag 3. desember 2007 kl 1530 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møtet vart halde som telefonmøte.

Saksliste:

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Dagsorden
3. Oppretthalding av base for ambulansefly i Brønnøysund

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte: Ekspedisjonssjef Per Bleikelia

Frå styret møte: Styreleiar Oddvard Nilsen
Kari Oftedal Lima
Reidun Korsvoll

Frå administrasjonen møte: Administrerande direktør Herlof Nilsen

Også til stades: Avdelingsdirektør Mette Bakkeli

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om helseforetak og møte ved Kristin Madsen.

Sak 1: Føretaksmøtet blir konstituert

Ekspedisjonssjef Per Bleikelia ønskte, som øvste eigarmyndigheit, velkommen og leste opp fullmakt frå statsråden. Han spurde om det var merknader til innkallinga.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Styreleiar Oddvard Nilsen og avdelingsdirektør Mette Bakkeli vart valde til å underskrive protokollen.

Ekspedisjonssjef Per Bleikelia overlet møteleiinga til Oddvard Nilsen.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Sak 2: Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til den utsende dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjend.

Sak 3: Oppretthalding av base for ambulansfly i Brønnøysund

Det ble vist til tidligere dialog mellom Helse- og omsorgsdepartementet og representantar frå dei regionale helseføretaka knytt til vurdering av basestruktur for ambulansflytenesta i samband med anbod og kontraktsinngåing for perioden frå 1. juli 2009.

Føretaksmøtet viste til at *Luftambulansetjenesten* ANS har gjennomført ein prosess for kjøp av ambulansflytenester for perioden frå 1. juli 2009 til 30. juni 2015 med moglegheit for 2+2 års forlenging. I ei pressemelding frå *Luftambulansetjenesten* ANS måndag 19. november d.å. gjekk det fram at Lufttransport AS er innstilt for tildeling av kontrakt på heile ambulansflytenesta.

I innstillinga til kontrakt er det i følgje pressemeldinga lagt opp til at det skulle vere to fly på basen i Bodø, noko som inneber at ambulansflybasen i Brønnøysund skulle avviklast. Forslaget inneber vidare at det eine flyet skulle gjerast om til dagfly.

Føretaksmøtet la til grunn at vedtaket som er fatta av selskapsmøtet for *Helseforetakenes Nasjonale Luftambulansetjeneste* ANS, representert ved dei fire regionale helseføretaka som eigarar, er basert på ei heilskapleg utgreiing om kapasitet og organisering av ambulansflytenesta. Utgreiinga har vore på brei høyring. Føretaksmøtet har og merka seg dei faglege og økonomiske forholda som er lagt til grunn for vedtaket i selskapsmøtet.


Etter ei heilskapleg samfunnsmessig vurdering finn føretaksmøtet at det likevel vil vere riktig at det blir haldt oppe base for ambulansfly i Brønnøysund. Føretaksmøtet la derfor til grunn at vedtaket som er fatta av selskapsmøtet for *Helseforetakenes Nasjonale Luftambulansetjeneste* ANS, blir omgjort, slik at det blir haldt oppe base for ambulansfly i Brønnøysund også etter 1. juli 2009.

Føretaksmøtet vedtok:

Vedtaket som er fatta av selskapsmøtet for *Helseforetakenes Nasjonale Luftambulansetjeneste* ANS, blir omgjort, slik at det blir haldt oppe base for ambulansfly i Brønnøysund også etter 1. juli 2009.

Møtet vart heva kl 1535

Oslo 3. desember 2007



Mette Bakkeli



Oddvard Nilsen